

## **Referat frå møte i gjetarhundnemnda i SFSG.**

Stad og tid: Skei, 6. februar 2019 kl.: 17:30

Til stades: Halvor Tenden, Roger Løvik, Odd-Jarle Øvreås. Forfall Erlend Fet. I staden møtte Kurt Magne Fardal

### ***Sak 1 Orientering om arbeidet i gjetarhundnemnda.***

Leiar orienterte om arbeidet i gjetarhundnemnda

### ***Sak 2 Orientering frå dei ulike gjetarhundlaga.***

Representantane frå dei ulike gjetarhundlaga orienterte frå sine lag.

### ***Sak 3 Konstituering***

Leiar:	Odd-Jarle Øvreås	Sogn og Fjordane Sau og Geit
Nestleiar:	Halvor Tenden	Nordfjord gjetarhundlag
Skrivar:	Roger Løvik	Sunnfjord og Ytre Sogn gjetarhundlag
Styremedlem:	Erlend Fet	Indre Sogn gjetarhundlag

### ***Sak 4 Tinging av team Sogn og Fjordane jakker***

Det er interesse frå medlemmer i dei ulike laga om å kjøpe team Sogn og Fjordane jakker. Odd-Jarle innhentar pris på jakkene, og så tek leiarane i laga opp bestilling.

### ***Sak 5 Søkna om norgesserieprøve for 2019***

Det er ikkje aktuelt for nokon av laga å søkje om å få arrangere norgesserieprøve inneverande år.

### ***Sak 6 Søkna om Nordisk meisterskap 9. – 11. august 2019***

Ingen av laga ynskjer å søkje om å få arrangere Nordisk meisterskap.

### ***Sak 7 Team Sogn og Fjordane***

Me ynskjer å satse vidare på dette. Dette vert ei «elitesatsing» der målet er at dei beste skal bli enno betre. Målgruppa er dei som ynskjer å gå Norgesserien. I år satsar me på ei samling i mars og ei i juli. Halvor og Roger tek ansvar for dette.

### ***Sak 8 Bruksprov***

Odd-Jarle arbeider vidare med dette. Nemnda ynskjer å ha dette inn under SFSG med NSG logo.

### ***Sak 9 Innspel til gjetarhundrådet***

Forslag frå nemnda til gjetarhundrådet om at det er nok at ein søker om å arrangere norgesserieprøve annankvart år før ein kjem sist i påmeldinga til norgesserien.

### ***Sak 10 Kvalifiseringsreglar til NM for SFSG***

Før neste sesong må me ha ein gjennomgang av desse. I løpet av hausten lagar nemnda eit utkast til nye reglar som skal sendast på høyring til gjetarhundlaga. Nemnda ynskjer at fylkesmeisterskapen skal gjelde meir enn den gjer i dag. Kanskje skal nemnda justere reglane litt allereie i år. Roger lagar eit framlegg til nemnda innan 1. april.

Referent.

Odd-Jarle Øvreås